

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 30.01.2014

SAKLISTE

- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV KOMMUNEPLAN FOR GULEN 2012 - 2024 - SAMFUNNSDELEN
- HØYRING - VURDERING AV BRANN OG REDNINGSVESENET SI ORGANISERING OG RESSURSBRUK
- HØYRING VEDK. FORSLAG OM Å OPPHEVE BESTEMMELSEN OM PRISKONTROLL I KONSESJONSLOVA
- STEINKROSSEN I EIVINDVIK. REPARASJON

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 11.00.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Kunngjering - budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017

Budsjett for Gulen kommune 2014 og økonomiplan 2014-2017 vart vedteke 17.12.13, i K.sak 81/13. Du finn detaljinformasjon på www.gulen.kommune.no.

Gulen får nye innbyggjarar

På kommunestyremøtet 17. desember vedtok Gulen kommune å busette 10 flyktingar i løpet av 2014. I den samanheng ynskjer me å informere litt meir om kva dette vil bety for kommunen i praksis.

Generelt om flyktingar

I tråd med internasjonale forplikningar og norsk lov vert det gitt opphald og beskyttelse i Noreg til menneske på flukt. Flyktingane som får opphald i Noreg oppfyller anten vilkåra i flyktingkonvensjonen, eller dei står i reell fare for å verte utsatt for dødsstraff, tortur eller straff dersom dei skulle vende tilbake til heimlandet.

Flyktingkonvensjonen skal sikre at alle som er på flukt frå uheldbare forhold i heimlandet skal få opphald i et anna land. Det sit i dag over 5000 flyktingar i statlege asylmottak som har fått opphaldsløyve i Noreg, men som ventar på å få busette seg i ein kommune. Det er ikkje snakk om å etablere asylmottak i kommunen, men å busette flyktingar som har fått innvilga vedtak om opphald i Noreg.

Flyktingar som har fått vedtak om opphaldsløyve i Noreg skal busettast i ein kommune. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har ansvaret for å finne ein eigna kommune for flyktingane å bu i, og det er dei som koordinerer busettingsarbeidet i Noreg. Myndegheitene har mål om rask busetting, og ynskjer at flyktingane skal busettast i ein kommune innan seks månader etter at dei har fått innvilga opphaldsløyve. Det er frivillig for kommunane å busette flyktingar, og det er kommunane som sjølve vedtek kor mange flyktingar dei ynskjer å busette. Etter at flyktingar har fått opphaldsløyve vert det gjennomført eit intervju som kartlegg personen sin bakgrunn, kompetanse og behov. Busettingsprosessen vert i så stor grad som mogleg gjennomført med utgangspunkt i denne kartlegginga.

Gulen kommune fekk førespurnad om å busette 10 flyktingar for kvart av åra 2014-2016, altså totalt 30 flyktingar for denne perioden. Kommunestyret vedtok å busette 10 flyktingar i 2014, og å utsette avgjerda med ytterlegare busetting til kommunen har gjort seg nokre erfaringar om korleis prosessen går. I saksutgreiinga til kommunestyret vart det lagt vekt på at Gulen, av ulike årsaker, vil vere best rusta til å ta imot småbarnsfamiliar. I første omgang vil flyktingane verte forsøkt busett i Eivindvik, ettersom det er her dei fleste kommunale bustadane og tenestene er samla. Dersom det vert vedteke å busette fleire flyktingar dei komande åra, ser kommunen for seg å spreie desse utover skulekrinsane.

Gulen legg stor vekt på at flyktingane som kjem til vår kommune skal verte ein aktiv del av lokalsamfunnet vårt.

Det vert difor sett ned ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå sektorane helse/omsorg, NAV, oppvekst og kultur som skal førebu busettinga og fungere som ressursgruppe i integreringsprosessen. Det skal også tilsetjast ein flyktningskonsulent i 50 % stilling som skal ha hovudansvaret for flyktningsarbeidet. Kommunen legg opp til å vere klar til å ta imot flyktingane mot slutten av sommaren.

Bustader til flyktingane

Administrasjonen arbeidar med å etablere bustadar for flyktingane, og vil i første omgang halde av kommunale bustadar til dette føremålet. Flyktingane betalar husleige for bustadane på ordinær måte. Dette skal vere ei midlertidig ordning, og målet er at flyktingane så snart som råd er skal skaffe seg eigen leigd eller eigd bustad med eigne midlar i den private marknaden. Privatpersonar som ynskjer å leige ut bustader til flyktingar vert oppmoda om å ta kontakt med kommuneadministrasjonen.

Kva får kommunen igjen for å busette flyktinger?

Flyktingane vil vere med på å auke innbyggjartalet i kommunen og gjere folkesamansettinga meir multikulturell og spanande. Mange flyktingar er ressurssterke menneske som berre behøver ein ny moglegheit i eit vanskeleg liv.

Gjennom tilskot frå staten vil kommunen få auka inntekter, samtidig som me får midlar og kompetanse til å forbetre integreringa av andre utanlandske personar som bur i kommunen. Kommunen og andre arbeidsgivarar i Gulen har problem med å skaffe seg kvalifisert arbeidskraft. Gjennom integrering, utdanning og opplæringsprogram kan flyktingane kunne dekke noko av dette behovet.

Viktigheita av godt lokalmiljø

Gulen kommune er forplikta til å legge til rette for at dei flyktingane som kjem til vår kommune skal komme i jobb og på sikt greie seg sjølv. Då er det å kunne trene på språket og tileigne seg kunnskap om nytt heimland viktig, og dette skjer best ved deltaking i samfunnet og gjennom kontakt med andre. All erfaring viser at kommunal tilrettelegging er ein viktig, men ikkje tilstrekkeleg, faktor. For at flyktingane som kjem til vår kommune skal bli ein del av vårt samfunn, er ein også avhengig av at frivillige lag og organisasjonar, samt innbyggjarane generelt tek initiativ til at våre nye innbyggjarar skal finne seg til rette og trivast her hjå oss.

Dersom nokon har konkrete idear og tankar om korleis dei vil gjere dette, så ta gjerne kontakt med kommuneadministrasjonen gjennom postmottak@gulen.kommune.no

Kommunen tek sikte på å arrangere eige informasjonsmøte i førekant av busettinga.

Plan-nytt



Nærare informasjon finn du på heimesida

www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 15 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for trafikktrygging 2011005

Utkast til planrapport og oversikt over tiltak er sendt til arbeidsgruppe. Kommunen har drøfta vidare planlegging i 2014. Frist for innspel er 30.01.2014.

Kommuneplanen for Gulen kommune

2012002 Samfunnsdelen, revidert versjon, vert lagt fram til godkjenning 30.01.2014.

2012001: Arealdelen, forslag til 1. gongs høyring vert lagt fram i møte 30.01.2014.

Til desse er det utarbeidd ein rettleiar, sjå «Plan-nytt» på heimesida for å laste den ned.

Reguleringsplanar

Overordna vurdering med rullering av kommuneplan

2005007 Kvernevågen, Næring og hyttefelt

2011004 Krekebærtua, hyttefelt

Ny handsaming av

2012007 Hytter på Fivelsdal, gbnr. 78/3, etter høyring

2011003 Endring av veg til Kyrkjøyna, Rutledal, etter høyring

*** 1. gongs høyring**

2013002 Råolje og pet.terminal industriomr. – Sløvåg sør (Alexela) med frist 10.01.2014

2010004 Sollibotn industriområde – frist 10.0.2014

*** Planarbeid pågår:**

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna

2011001 Storevågsneset, Brandanger

2012004 Åmdalsvik hyttegrend, Nyborg

2013003 Gulen industrihamn, regulerings-endring

2008001 Taskebotn hytter

2009005 Dingeneset sør - hyttegrend

Kulturminneplan – hjelp til registrering

Gulen kommune skal i løpet av våren starte opp arbeidet med ein lokal kulturminneplan. I den samanheng treng me hjelp til å registrere kulturminner i nettdatabasen

www.kulturminnesok.no og oppmodar no frivillige lag og organisasjonar om å ta kontakt dersom de ynskjer å bidra. Organisasjonane som hjelper oss med registreringa vil få tildelt eit tilskot for arbeidet, og det vil verte gitt ei grundig opplæring på førehand. Organisasjonane får også høve til å komme med innspel til kva for kulturminner som skal registrerast, og på denne måten tilpasse prosjektet etter egne interesser.

Ver venleg å ta kontakt med kulturkonsulent Ingvild M. Høydal per epost ingvild.hoydal@gulen.kommune.no for meir informasjon

Tilskotsordningar

Nytt år og nye tilskotsmoglegheiter! Under finn de ei oversikt over nokre tilskotsordningar med søknadsfristar.

- 1. mars: Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane www.sparebankstiftinga.no
- 17. mars: Aktiv ungdom www.aktivungdom.eu
- 30. mars: Kommunale kulturmidlar www.gulen.kommune.no
- 1. april: Spelemidlar til kulturbygg www.idrettsanlegg.no
- 15. mai: Marine Harvest-fondet www.marineharvest.com
- 15. juni: Extrastiftelsen www.extrastiftelsen.no
- Fortløpande: UNI-stiftelsen www.stiftelsen-uni.no
- Fortløpande: IF Trygghetsfond www.if.no
- Fortløpande: Tryg Allmenntytige Stiftelse www.tryg.no

Ta gjerne kontakt med kulturkonsulent Ingvild M. Høydal ingvild.hoydal@gulen.kommune.no for rettleiing i søknadsskrivinga. Me ynskjer lykke til med søknadane og eit godt frivilleg-år!

Informasjon om KLAFF

KLAFF er ei tverrfagleg samarbeidsgruppe i kommunen som består av PPT, helsestasjon og barnevernteneste. KLAFF gjev rettleiing til barnehagane og skulane i Gulen i høve alle tema som gjeld barn og unge.

Har du uro eller bekymring kring eit born (ungdom) i kommunen, kan du ta kontakt med ein av fagpersonane under, for å avtale møte med Klaff.

Drøftingane skal være anonyme, med mindre ein har fått samtykke frå den det gjeld.

Herfinn Takle (PPT): 979 75 763
Jane Hesjedal (Barnevern): 997 92 109
Hennie Lefdal (Helsestasjon): 979 75 760

Klaff møteplan vår 2014

Byrknes skule og barnehage:
Onsdag 12. februar kl 12.30 - 14.00

Brekke skule og barnehage:
Tysdag 4. mars kl 09.00 – 10.30

Dalsøyra skule og barnehage:
Torsdag 13. mars kl 09.00 – 10.30

Eivindvik skule og barnehage:
Torsdag 20. mars kl 09.00 – 10.30

Ny medarbeidar i barnevernstenesta

Barneverntenesta har fått ein ny medarbeidar. Anne Marit Brekken Oppedal tok til hjå oss 2. januar 2014. Ho vil ha 50 % i barneverntenesta i Gulen, og 50 % i barneverntenesta i Masfjorden.

Fosterheimsparty!

Onsdag 5. mars blir det fosterheimsparty i skulehuset i Bålen kl 19.30.

De som har gått og tenkt på, at de kunne hatt ekstra plass i hjarte til eit barn som treng det, må komme å høyre på Randi Kildedal. Ho kjem i frå fosterheimstenesta i Førde for å fortelje om det å være fosterheim. Det er heilt uforpliktande og møtet er for alle.

KOM KOM KOM!! Ta med deg vener, familie, naboar og KOM!

Kommunal koordinator

For alle førespurnader som gjeld re-/habilitering, og individuell plan - ta kontakt med:

Wenche Leite
Kommunal koordinator

Kontor: Gulen Sjukeheim, kontorfløy 2. etg.
Tlf: 57 78 16 88
Mob: 970 09 445

Basar ved dementavdelinga

7. november arrangerte vi basar ved Dementavdelinga på Gulen Sjukeheim.

Vi ynskjer å rette ei stor takk til Aud Karin Bjørknes som saman med Anne Ytrøy tok initiativet til basaren. Dei samla gevinstar og selde lodd, og einaste «kravet» Anne stilte til oss var at inntektene skulle gå til sansehagen som er knytt til avdelinga vår. Vi hadde to loddbøker rundt i kommunen, og det var frivillige som kom å spurte om å få selje lodd. Dette er vi svært takksame for!!

I tillegg til loddbøkene hadde vi åresalg på basaren, og gevinstane strøymde på. Vi hadde frivillige som stilte med kaker, og vi fekk gjennomført ein god gamaldags basar som bebuarane her sette stor pris på.

Til basaren sendte vi invitasjon til dei næraste pårørande, og det vart eit godt oppmøte. Vi pynta oss og laga til på gamlestova, vi viste bileter på storskjerm frå aktivitetar ved avdelinga, drakk kaffi og åt kaker før det store åresalget. Under gjennomføringa hadde vi god hjelp av Vilde Sofie og Ellen Merete, to jenter som hadde Operasjon Dagsverk denne dagen.

Samla inntekter vart ca kr 17 000,-. Dette synest vi er fantastisk og vi vil med dette takke alle som bidrog til at basaren vart så vellukka.



På vegne av alle bebuarane ved dementavdelinga,

avd. sjukepleiar
Vivian Våge.

Vi treng fleire hjelpsame arbeidsgjevarar!



Det er mange grunnar til at personar fell delvis eller er heilt utanfor arbeidslivet, det kan vere nyutdanna som ikkje har klart å skaffe seg jobb, sjukdom, oppseiing, manglande formell utdanning, arbeidsinnvandrarar som manglar relevant språk osv.

Intensjonen med NAV-reforma er å hjelpe fleire i arbeid og aktivitet slik at færre er avhengig av stønad.

For at så mange som mogleg skal få prøve seg ut i arbeid, må vi ved NAV Gulen ha samarbeid med arbeidsgjevarar som er villig til å hjelpe personar som av ulike årsakar står utanfor arbeidslivet. Vi har godt samarbeid i dag med mange arbeidsgjevarar, men treng fleire.

Vi har ulike verkemidlar for å styrke brukarane sine moglegheiter for å komme i arbeid. Vi gjer inngangen til arbeidslivet enklare for dei som treng ein større innsats for å komme seg i jobb. Det er viktig at alle arbeidssøkjjarar registrerer seg på www.nav.no

NAV Gulen kan hjelpe til med ulike verkemidlar som til dømes:

- Arbeidspraksis
- Oppfølging
- Tidsbegrensa lønstilskot
- Mentor
- Tilretteleggingstilskot
- Naudsynt opplæring/ utdanning for arbeidstakarar i forhold til verksemda sine behov

NAV Gulen ynskjer at arbeidsgjevarar som er interessert tek kontakt med NAV Gulen sine bedriftskontakter:

Maïke Norman Bøe
maïke.norman.boe@nav.no

Asgeir Heimly
asgeir.heimly@nav.no

Neste utgåve av Infoposten

Neste utgåve av Infoposten vert distribuert i veke 9.